



Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
003/21	Kommunestyret	11.02.2021

Kdpl Tyinkryssset - vurdering av planområdet

Vedlegg:

05.02.2021	Rammeplan_VA_visualisering_trykksoner	164615
05.02.2021	Notat - vurdering reguleringsplanar og nye utbyggingsområder	164616

Saksopplysningar:

Kommunestyret fatta fylgjande vedtak 15.10.2020 i sak 069/20:

Kommunestyret i Vang følgjer tilrådinga til kommunedirektøren, og vedtek følgjande:

- *Grunneigarane i området får tida fram til 1. januar 2020 til å organisere seg slik at dei kan inngå forpliktande avtalar om refinansiering.*
- *Kommunestyret sett som ei føresetnad at det skal vere signert ei forpliktande intensjonsavtale, med eit tilstrekkelig bidrag til reinvestering, før det er aktuelt å endre på rekkefølgekrava i kommunedelplanen*
- *Kommunedirektøren skal, på førespurnad frå grunneigarane, bidra med ressursar og kompetanse for å støtte grunneigarane i arbeidet med organisering og avtaleverk.*

Kommunedirektøren skal i same periode jobbe med å avklare yttergrenser for revidert kommunedelplan og vurdere opphevinga av reguleringsplaner. Kommunedirektøren skal og i same periode vurdere eventuelle andre innspill etter dialogmøta.

Kommunedirektøren har i samsvar med vedtaket utarbeidt eit notat som tek for seg momenta i avsnittet ovanfor. Notatet kjem no opp som politisk sak slik at kommunedirektøren får drøfta forslaga og vurderingane i kommunestyret.

Det er notatet med fylgjande kapittel som blir hovuddokumentet i denne saka:

1. Ny vurdering av åtte reguleringsplanar
2. Potensielt nye utbyggingsområder(vurdering av yttergrensene i kdpl)
3. Forslag om å regulere nokre områder direkte i kommunedelplanen
4. Forslag til større endringar

Notatet og drøftingane i kommunestyret 11.02.2021 vil danne grunnlaget for revidert planforslag

som kjem opp til ny politisk behandling(jf. fvl. § 35) før høyring og offentleg ettersyn.

Oppsummering:

Ny vurdering av reguleringsplaner

- UH3 kan vurderast vidareført med nokre tillegg i føresegn i overordna plan
- Ingrid's hyttegrennd kan vurderast vidareført
- For arealet Tyinkrysset fjellstue m/alpin får kommunedirektøren starte ein ny planprosess med forslagsstiller Tyinkrysset Eiendom AS

Vurdering av yttergrensene(nye utbyggingsområder) i kommunedelplanen

- Kommunedirektøren vil berre tilrå utviding av Steinhaug opp mot toppunktet av Andstorheisen. Dette med bakgrunn i premisset som ligg til grunn for ny kommunedelplan, det å unngå konfliktområde.
- Det ligg samla sett store områder for utvikling i gjeldande kommunedelplan, med potensiale for langt meir enn ei dobling av talet fritidseiningar som er innanfor planområdet samla i dag
- Dersom det blir aktuelt med ei utviding må dette avklarast tidleg med overordna myndigheiter slik at det ikkje vil påverke sluttbehandlinga av kommunedelplanen

Regulering direkte i kommunedelplanen

- Kommunedirektøren vil gå i nærare dialog med heimelshavarane for å sjå på avgrensing i kart og føresegn

Forslag til større endringar

- Kommunedirektøren vil vurdere å regulere inn Fløgstrøndheisen, med atterhald om at denne prosessen ikkje vil påverke sluttbehandling av kommunedelplanen
- Kommunedirektøren vil gjera naudsynte endringar ved Børrenøspanen
- Kommunedirektøren vil ta ut tidligløypa/langrennstraseen på nordsida av E16

I tillegg til punkta ovanfor vil kommunedirektøren arbeide med fylgjande:

- Oppdatere føresegn i planen slik at desse tek tilstrekkeleg omsyn til eksisterande langrennsløyper i området, samt sikre at ein ved detaljregulering gjer gode vurderingar knytt til nye trasear og sikre rekkefylgjeføresegn knytt til planfrie kryssningar der dette er naudsynt
- Utarbeide eit økonomisk notat som synleggjer realismen i utbyggingsområder og krav til infrastruktur
- Synleggjera endringane i masterplanen frå 2011 til 2018
- Vurdere rekkefylgjekrav knytt til etablering av høgdebasseng og trykksoner. Oppdatert visualisering av utbyggingsområder i samanheng med rammeplanen ligg vedlagt

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret opphever vedtak i sak KS-119/19 jf. forvaltningslova § 35 a) slik at kommunedirektøren kan starte ein ny planprosess med forslagsstiller.

Kommunestyret tek kommunedirektøren sine vurderingar til etterretning.

Kommunestyret 11.02.2021:

Behandling:

Nytt framlegg til vedtak, foreslått av Bjørn Olav Søndrol, Arbeiderpartiet

Kommunestyret merkar seg kommunedirektøren sine vurderinger, med følgjene tillegg:

- Kommunestyret er positive til ein ny planprosess med utviding og revidering av reguleringsplanen Tyinkrysset med Alpin og ber kommunedirektøren gjennomføre oppstartsmøte av revidert og utvida plan så raskt som mogleg
- Kommunestyret ber kommunedirektøren om å innarbeide Bjørdalslie i kommunedelplanen. Dersom dette arbeidet skulle utsette sluttbehandlingen i stor grad så ynskjer kommunestyret å gjera ei ny vurdering av dette.
- Kommunestyret ber kommunedirektøren utgreie eit forslag til forutsigbarheitsvedtak knytt til ei refinansieringsordning basert på modeller med kommunalt fond som ein har brukt på andre destinasjonar, og i tett dialog med grunneigarar i området. Dette som eit forslag til erstatning for rekkefølgekravet Andstorheisen.
- Kommunestyret ber kommunedirektøren koma attende til kommunestyret med ei vurdering om kapasiteten i planavdelinga sett i forhold til det vedtatte planprogrammet, kommunedelplan for Tyinkrysset og anna forventa planarbeid framover

Nytt framlegg til vedtak, foreslått av Geir Kongslie, Senterpartiet

- **Reguleringsplanen «Tyinkrysset fjellstue m/alpin»**
Vang kommunestyre stadfestar sitt vedtaket frå des. 2019 om å innarbeide reguleringsplanen «Tyinkrysset fjellstue m/alpin» i kdpl med same omsynssone for planar som framleis skal gjelde. Kommunestyret ber samstundes kommunedirektøren kalle inn Tyinkrysset Eiendom til oppstartsmøte for ny reguleringsplan for «Tyinkrysset fjellstue m/alpin», revisjon av gjeldende plan og utviding i tråd med innlevert planinitiativ.
- **Reguleringsplanen «Synhaug»**
Vang kommune skal gå i dialog med forslagsstillar med mål om å sikre bærekraftig gjennomføring av planen.
- **Reguleringsplanen «UH3»**
Vang kommune stadfestar bebyggelsesplanen av 2008.. Merknadene som saksbehandlar har beskrevet i notat (ks - 11022021) skal innarbeidas før byggeøyve vert gjeve.
- **Reguleringsplanen «Andstor»**
Vang kommune er positiv til at forslagsstillar startar opp med revisjon av reguleringsplanen «Andstor» Merknadene som saksbehandlar her beskrev i notat (ks - 11022021) vert vurdert i fmb planarbeidet.
- **Reguleringsplanen «Ingrids Hyttegrend»**
Reguleringsplanen Ingrids hyttegrend blir vidareført.
- **Vurdering av nye områder i kommunedelplanen.**
Etter positive møter med dei ulike aktørane i september 2020 og møte mellom grunneigarar/utbyggjarar og gruppeleiarane / varaordførar 5/2-2021, gjev Vang kommune aktørane i Tyinkrysset-området tida fram til kommunestyremøtet 09.09.21 med å vurdere/kvalitetssikre arealdisponeringa i masterplanen. Formålet er at ein etter denne vurderinga/kvalitetssikringa kan komma fram til ei felles forståing med Vang kommune slik at nye området kan takast inn i kdpl og gje eit grunnlag for å utvikle ein føreseieleg og god fritidsdestinasjon. Arbeidet skal også innbefatte ein sti- og løypeplan for heile planområdet. Vang kommune vil sjå positivt på ein søknad om økonomisk bidrag til dette arbeidet, og særskilt det som er knytt til sti- og løypeplan.
Representantar frå det politiske miljøet og ein representant fra adm. i Vang kommune skal delta i arbeidet. Det skal sikrast ei breiast mogeleg deltaking frå dei ulike

grunneigarar/utbyggarar innanfor planområdet.
Ordføraren får i oppdrag å kalle inn til fyrste møte snarast.

Nytt framlegg til vedtak frå AP

- Alle punkta i framlegget vart stemt over og samrøystes vedteke

Nytt framlegg til vedtak frå SP

Alle punkta vart stemt over slik:

Reguleringsplanen «Tyinkryset fjellstue m/alpin» - samrøystes vedteke

Reguleringsplanen «Synhaug» - samrøystes vedteke

Reguleringsplanen «UH3» - samrøystes vedteke

Reguleringsplanen «Ingrids Hyttegrend» - vedteke 1 stemme mot 16 (Toril Gulbrandsen)

Vurdering av nye områder i kommunedelplanen - Ikkje vedteke 10 stemmer mot 7.

Desse stemte mot:

Erlend Eggen (MDG)

Björg Marie Hermundstad (AP)

Signe Marit Haugen (AP)

Vidar Eltun (AP)

Toril Gulbrandsen (AP)

Ove Martin Stende (AP)

Grete Aasheim (AP)

Elisabeth Myhre (AP)

Bjørn Olav Søndrol (AP)

Leif Hjalmar Søndrol (AP)

Det nye samordna framlegget frå AP og SP blei stilt opp mot det opprinnelige framlegg til vedtak:

Det samordna framlegget frå AP og SP : samrøystes vedteke.

Arealplanleggjar Magnus Lajord la fram saka

KS- 003/21 Vedtak:

Kommunestyret merkar seg kommunedirektøren sine vurderinger, med følgjene tillegg:

- Kommunestyret er positive til ein ny planprosess med utviding og revidering av reguleringsplanen Tyinkryset med Alpin og ber kommunedirektøren gjennomføre oppstartsmøte av revidert og utvida plan så raskt som mogleg
- Kommunestyret ber kommunedirektøren om å innarbeide Bjørdalslie i kommunedelplanen. Dersom dette arbeidet skulle utsette sluttbehandlingen i stor grad så ynskjer kommunestyret å gjera ei ny vurdering av dette.
- Kommunestyret ber kommunedirektøren utgreie eit forslag til forutsigbarheitsvedtak knytt til ei refinansieringsordning basert på modeller med kommunalt fond som ein har brukt på andre destinasjonar, og i tett dialog med grunneigarar i området. Dette som eit forslag til erstatning for rekkefølgekravet Andstorheisen.
- Kommunestyret ber kommunedirektøren koma attende til kommunestyret med ei vurdering om kapasiteten i planavdelinga sett i forhold til det vedtatte planprogrammet, kommunedelplan for Tyinkryset og anna forventa planarbeid framover
- **Reguleringsplanen «Tyinkryset fjellstue m/alpin»**
Vang kommunestyre stadfestar sitt vedtaket frå des. 2019 om å innarbeide reguleringsplanen «Tyinkryset fjellstue m/alpin» i kdpl med same omsynssone for planar som framleis skal gjelde. Kommunestyret ber samstundes kommunedirektøren kalle inn Tyinkryset Eiendom til oppstartsmøte for ny reguleringsplan for «Tyinkryset fjellstue m/alpin», revisjon av gjeldende plan og utviding i tråd med innlevert planinitiativ.
- **Reguleringsplanen «Synhaug»**
Vang kommune skal gå i dialog med forslagsstillar med mål om å sikre bærekraftig gjennomføring av planen.
- **Reguleringsplanen «UH3»**
Vang kommune stadfestar bebyggelsesplanen av 2008.. Merknadene som saksbehandlar har beskrevet i notat (ks - 11022021) skal innarbeidas før byggeløyve vert gjeve.

- **Reguleringsplanen «Andstor»**
Vang kommune er positiv til at forslagsstillar startar opp med revisjon av reguleringsplanen «Andstor» Merknadene som saksbehandlar her beskreve i notat (ks - 11022021) vert vurdert i fmb planarbeidet.
- **Reguleringsplanen «Ingrids Hyttegrend»**
Reguleringsplanen Ingrids hyttegrend blir vidareført.